



BERGEN
KOMMUNE

BYRÅDSAVD. FOR BYUTVIKLING
BBU - kommunaldirektørens stab

LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår referanse: 2019/56249-8
Saksbehandler: Randi Karin Tveit
Dato: 23. august 2019
Deres ref.:

Bergen kommune sin høyringsuttale til kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031.

Bergen byråd behandla saka i møte den 22.08.2019 i sak 1221/19 og fattet følgende vedtak: Bergen kommune avgir høyringsuttale til Lindås kommune i samsvar med byråden sitt forslag.

Saksframstilling:

<https://www.bergen.kommune.no/politikk/styresett/#/utvalg/900102/mote/1489356/sak/214324>

Høyringsuttale:

«Bergen kommune viser til Lindås kommune sitt grundige arbeid med kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031. Bergen kommune ser på det som viktig å styrke det regionale samarbeidet innafor areal- og transportpolitikken. Bergen og Lindås er ein del av den same arbeids- og bustadmarknaden. Dette er også bakgrunnen for ønsket om å utvide byvekstavtalen for Bergen til å inkludere Lindås og andre nabokommunar i det funksjonelle byområdet.

Det er positivt at mesteparten av bustadreserven er lagt til region-/kommunesenter og nærsentera i Lindås kommune. Det er viktig for Bergen at veksten ikkje medfører auka persontrafikk på vegnettet inn mot Bergen, og at ein legg til rette for at reiser til og frå Bergen i hovudsak kan skje med kollektivtrafikk. Grøn strategi for Bergen har som mål at kommunen skal bli fossilfri innan 2030. I den samanhengen har Bergen kommune og delmål om å redusere personbiltrafikken i Bergen med 10 % innan 2020, og 20 % innan 2030 samanlikna med 2013.

Bergen kommune meiner at det er viktig at bustadbygginga vert prioritert i sentrumsområda, og der kollektivtilbodet er godt slik som kommunedelplanen legg opp til. Det er positivt at hovudvekta av planreserven er lagt til sentrumsområda, og at ein reduserer planreserven i spreidde område.

Bergen kommune ser på det som eit godt tiltak å legge til rette for fleire lokale arbeidsplassar. Dette vil redusera transportbehovet og belastinga på vegnettet til Bergen. Det er og eit godt grep at ein ynskjer å flytte arealkrevjande næringsområde ut av Knarvik sentrum for å fokusera på utvikling av gode senterområde.»

Med hilsen
BBU - kommunaldirektørens stab

Postadresse:
Postboks 7700, 5020 BERGEN
Kontoradresse:
Rosenkrantzgaten 3

Telefon: 55566275
E-post: byutvikling@bergen.kommune.no
Internett: www.bergen.kommune.no

Øyvind Hauge Støle - seksjonssjef
Randi Karin Tveit - saksbehandler

Dokumentet er godkjent elektronisk.